



Sentrale personar i Uskedal Helselag samla ved opninga av Gull av grus i 2018. F.v: Klara Bakke, Anette Sund, Randi M. Nybakk, Marian R. Hauso, Haldis Åkra, Eli Roseth Eik (leiar), Gina Berge-Soldal og Line Soltveit.

Eli Roseth Eik vart på årsmøte vald til ny leiar i Uskedal Helselag. Med seg i styret fekk ho: Marian R. Hauso, Klara Bakke, Randi Myklebust Nybakk og Line Soltveit. Varamedlemer er: Lene Gjuvsland Skjelnes og Anne Guri Kildal. Helselaget kan syna til eit godt arbeidsår i 2018 med mange aktivitetar og tiltak. Medlemstalet er 96.

Uskedal Helselag har dei siste åra utmerka seg med stor aktivitet og faste møte. Laget er på Facebook og er godt synlege i mediabilete. Den årlege medlemsturen gjekk til Hardanger Museum på Utne og utstillinga 100 Bringeklutar. Styrketreninga for vaksne er eit fast innslag kvar måndag. I 2018 var det 34 treningsøkter for totalt 372 personar. Gågruppa med oppstart i 2010 er framleis aktiv.

Uskedal Helselag har løyvd midlar til desse tiltaka:

- Hjarte- og karforsking: kr. 10.000,-
- Kreftforsking: kr. 5.000,-
- Turberkulose: kr. 5.000,-
- Reisetilskot Tinestafetten: kr. 5.000,-

Av andre aktivitetar tek vi med:

- Demensaksjonen 2018
- Besøk på Rosendalstunet og Syng med oss
- Middag til frivillige i Festidalen
- Frukt i barnehagane til jul
- Opning av Gull av grus - aktivitetsparken
- Hjarteveka med mellom anna temakveld med Dr. Anne Britt Nygård

- Julegåver til Valen sjukehus
- Juleblom til alle frå Uskedalen som bur på sjukeheimane, til alle heimebuande i Uskedalen over 90 år og til brukarane som bur i Hagetunet

Uskedal Helselag har vore representert på ei rekkje møte i og utanfor bygda. Laget har også vore vertsskap for møte i regionen.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal